

Flora Turlag

Årsmelding 2024



Flora Turlag (FT) er tilslutta DNT Sogn og Fjordane, som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turistforeining. Vårt medlemsområde er gamle Flora kommune, og vi utøvar vårt arbeid i Kinn Kommune. Formålet er å vere leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Sidan 1976 har vi lagt til rette for flotte turopplevingar i Flora-naturen. Turlaget har gjennom desse årene vore opptekne av at alle skal kunne finne eit tilbod som passar. I dag har vi turtilbod til alle - frå barn til senior, på dags tid, ettermiddag og helg gjennom heile året. Vi kan i tillegg tilby besøk og overnatting på fire ubetjente hytter.

Styret 2024

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen (1 år - nyval)
Styremedlem/ Nestleiar:	Karen Nilsen (2 år – nyval)
Styremedlem:	Hilde Knudsen (2 år – ikkje på val)
Styremedlem/sekretær:	René Korneliussen (2 år – ikkje på val)
Styremedlem /Kasserar:	Sunniva Geithus (2 år – nyval)
Varamedlem:	Heidi Humlestøl (1 år - nyval)
Varamedlem:	Maria Hunvik (1 år - nyval)
Revisor:	Alvdis Solvang (1 år – nyval)
Valnemnd:	Anders Espeseth (2 år – ikkje på val) Toralf Otnes (2 år – nyval) Gyda Folkedal (2 år – nyval)

Styrearbeid

Flora Turlag har hatt nok et år med stor og variert aktivitet. Styret har hatt fem møter i 2024, i tillegg til jann og hyppig kontakt på e-post, telefon og Messenger ved behov. Vi er 100% driven av dugnadsarbeid på alle nivå. Motoren i laget og forutsetninga for vår aktivitet er alle frivillige som bidrar for Flora Turlag. Utan den innsatsen, stå-på-vilja, entusiasmen og arbeidsgleda som blir lagt ned for laget, hadde vi ikkje levert så mykje god aktivitet og gode tilbod som vi gjer.

Våre klassikarar lever i beste velgåande. Både Øyane over og Alden var smekk full og på "Kom deg ut dagen" på Sørstrand var det strålende sol og hundrevis av glade smil. Også i år var Tur&Kultur et populært tilbod, med fokus på kystrnære turar med kulturelle og anna faglege innslag. Det er et tilbod vi håper er komen for å bli. Aktiviteten i Barnas Turlag er enda aukande og padlegruppa leverer magiske opplevingar på rekke og rad. Og Opptur var nok en gang ein suksess i godt samarbeid med blant anna Flora VGS. Det blir gjort ein kjempejobb over heile linja, og det er lagt eit godt grunnlag for høg aktivitet, rekruttering og turglede i framtida.



Trimpoeng var nok en gang et eventyr, og vi er svært stolt over bidraget vi med dette gjer i lokalsamfunnet. Vi stimulerer til aktivitet, trim, trivsel og opplevingar, og skaper ein formidabel sosial arena som bidrar til å betre folkehelsa i samfunnet. I år var det med 1 517 kjekke deltakarar og vi drista oss til og med til å ha med turmål midt i Førde. Ein sjanse 104 personar ikkje villa la gå frå seg til å prøve ut.

Den nye hytta på Gjegnabu er ferdig bygd, grunnarbeidet er gjort i 2024 og om været og forhalda ligg til rette for det blir den flydd opp og montert til sommaren. Vi satsar på ein storstilt opning der oppe i august. På Prestholmen går det sakte men sikkert framover, og det vil bli ein arena for samhald, trivsel og plaskande moro for heile turlaget i framtida. 2025 er friluftslivets år så vi satsar på et omfattande program som en del av den feiringa.

Når Flora Turlag spelar på lag med alle delar av lokalsamfunnet får vi ting til.


Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Medlemstal

Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen.

Per 02.09 i år har vi **906** medlemmar. Det er ein liten oppgang frå i fjor, og vi håper på ei stigande kurve i åra som kjem. Vi sett pris på kvart eit medlem.



Turar og aktivitet

Det har vore ein fin tursesong med mange flotte høgdepunkt. Vi har hatt mange deltakarar på turane i år. Det har vore lite turar i helgene, men mykje aktivitet i vekedagane. Tabellen under viser oversikt over antall turar og deltaking på årets turar. Vi tar forbehold om at nokre av talla manglar. Avlyste turar er på grunn av vær, manglande påmelding eller turleiarar.

Forklaring til tabellen: FHF, kajakk, kurs og arrangement: herunder kjem turleiarkurs, samlingar, fiksekeldar og onsdagspadling. Tysdag- og onsdagsturar: Her er alle tysdagsturar, øyaturar og ettermiddagsturar. Helgeturar er Blånipa, Øyane Over og Alden. BT arrangement er Barnas Turlags turboturar, Kom-deg-ut dagen og Kinnaspelet.

Antal turar	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Helgeturar/andre arrangement/OPPTUR	3 1 avlyst	9 2 avlyst	28 16 avlyst	9 (20 avlyst inkl. korona avlysninger)	11 (22 avlyst inkl. korona avlysninger)	29 (15 avlyst)		13 (9 avlyst)	13 (12 avlyst)	11 (8 avlyst)	47 (15 avlyst)
BT arrangement	10 (2 avlyst)	14 2	4	5 4 avlyst	10 8 avlyst	3		6 (4 avlyst)	9 (1 avlyst)	14 10	
Måndagsturar	0	0	0	1	13 avlyst		10 (2 avlyst)	19 11			
Tysdags- og onsdagsturar (dag/ kveld)	35 (1 avlyst)	20 8	5 og 20 1 og 8	26 8 avlyst	25 13	21 (1 avlyst)	22 (4 avlyst)	33 (1 avlyst)	40 (9 avlyst)	39 (2 avlyst)	39 (3 avlyst)
Torsdagsturar (Senior)		29	40	39	40	38	39	38 (1 avlyst)	39 38	40 40	37 37
Onsdagspadling, FHF turar/kurs/arr	14 (1 avlyst)	9 2	8 1	3 avlyst 0 avlyst	8 13 avlyst	8 13 avlyst	8 11	6 (5 avlyst)	2 (4 avlyst)	4 2	21 4
Tur&kultur (nytt 2023)	27 (3 avlyst)	25		1 avlyst	1 avlyst						
Totalt	89	105	75	92	72	119		104	107	109	136
Deltakarar											
Vaksne helgaturar	191	192	133 (2 born)	136/139	130	190/9		452	201	172	554/46
Måndagsturar	0	0		119	137	135	100	205	255		
BT – Barnas Turlag	206		Ca. 390	25/38				194	1010	1175	1150 b/v*
OPPTUR	160 elevar, 13 voksne	160 elevar, 40 voksne	161 elever, 40 voksne	139/13		23/152	160	160	160	170	170
Tysdags- og onsdagsturar	708	130	165 (3 born)	215	169/4	235/4	252	222	370	368	405
Torsdagsturar (Senior)		262	411	537	447	538	475	405	357 (derav 13 barn)	344	274
Tur&kultur (nytt 2023)	482										
FHF / Kajakk / Kurs / Arr.	169	86	71	159	81	143	100	101	9	21	21
Totalt	1929	870	1373	1330 / 190	964 / 4	1264 / 165		1739	2362	2250	2627

Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Før- og ettermiddagsturar i vekedagane

Trygve Nybø og Signe Nordvik har vore ansvarlege for tysdagsturane på dagtid, og øyaturane på ettermiddagane. Tysdagsturane har gått jamt og trutt gjennom heile året. Turleiarane finn stadig nye, spennande plassar. Turmålet blir bestemt rett før, og her ser ein an føre og vær. Godt oppmøte har gått igjen for desse turane, med ein sosial og kjekk gjeng. På turmålslista har blant anna Skitnestøylen på Løkkebø, Tjofjellet, Uførefjellet, Dyrelifjellet og Blånipa på Heia stått.

Øyaturane gjekk i mai og juni, fordelt på sju flotte turar. Blant anna var vi innom Store Batalden, Fanøy, Svanøy og Skorpa. Ein fin sesong med mange deltagarar for desse to turgruppene!

I år har to av våre nyaste turleiarar, Eva Bergstrøm og Elin Sæther Standal hatt fire turar på ettermiddagane. Saman med Oddveig Brendø har dei gått til Hovden, Klauekeipen, Grøneheia og Endestadnipa. Litt dårlig vær i ny og ne stoppar ikkje våre nye, flinke turleiarar. Alltid kjekt når fleire tar kurs, og arrangerer turar!



Onsdagspadling

Årets sesong blei unnagjort med totalt 9 padleturar, med klassikarar som Florø-landet rundt, Stabben og Veiesundet. I tillegg til nye turmål som Nordalsfjorden, i kombinasjon med lokalturar ut frå Prestholmen. I snitt har vi vore 12 padlarar på tur, med rekordoppmøte på Florø-landet rundt med 21 deltagarar. Dessverre måtte vi avlyse den årlege Kalvåg turen på grunn av været, men vi satsar på å komme sterkare igjen neste år.

Helgeturar

Det har vore få helgeturar i år, men dei som har gått har vore nokre skikkelege klassikarar. Alden gjekk 12. mai og hadde 69 turdeltakarar med ein fullbooka båt tur/retur Florø. Dei fleste var tilreisande og var for første gong på den norske hesten. Turen vart arrangert saman med Indre Sunnfjord Turlag og med turleiar frå begge laga. Fint turvær og dei fleste gjekk på begge toppene – Ytstenova 418 moh og Instenova 480. Omlag 6 km, 532 høgdemeter totalt og 3,30 timer med pausar. Nytt i år var digital påmelding via nettsida. Turleiar var Arnfrid Bergheim, Dag Eliassen, Kristin Orre, Ingebjørg Erikstad, Magni Kvile og Astrid Breiland Eliassen.

Øyane Over gjekk 26.mai i år. Turen vart starta 22. mai 1977 som Flora Turlag sitt svar på Bergen Turlag sin 7-fjellstur. Dei 4 øyane Hovden, Store Batalden, Skorpa og Kinn er framleis dei same, men ilandstiging er blitt endra på grunn av større båtar, og då blir det endring på ruta. Med på turen i år var det 117 deltagarar og to fullbooka båtar. Vi samarbeider med Indre Sunnfjord Turlag dei siste 6 åra og har med turleiar derifrå. I år hadde vi også ei turleiar frå Keipen Turleiar. I år var det sol og fint turvær. Kjekt er det at dei er mange tilreisande som kjem til Florø og blir med på tradisjonsturen – fleire av dei for første gong. Turen over alle toppane er om lag 20,3 km, 1400 høgdemeter totalt og 12 timer. Turleiar var Arnfrid

Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Bergheim, Dag Eliassen, Nils Magnus Eliassen, Kristin Orre, Elin Sæther Standal, Anders Myklebust, Kjell Morten Langedal, Lise Mari Haugen, Hilde B. Reksten og Astrid B. Eliassen.



Eva og Elin har gått ein søndagstur til Blånipa. Fire deltakarar med godt mot starta i lett yr og lågt skydekke frå Rastepllassen i Eikefjorden. Sjølv om utsikta frå toppen ikkje blei som lovd hadde dei alle ein fin tur.

Nipenatt vart avlyst på grunn av dårleg vær med regn og ingen sol ingen tur. Det er for å sjå solnedgang vi går denne midsommarsturen.

Tur&kultur

Ideèn til Tur&kultur kom av Signe Nordvik i fjar, og har stått seg like godt i år. Tur&kultur har hatt 27 turdagar, av dei ein overnattingstur til Ulvesund fyr. Det var mest deltakarar på turen til Utvær, då var vi 48 stk. Vi har hatt to turar i lag med Indre Sunnfjord turlag, Naregga og Askrova, og éin tur til Askrova i lag med DNT Gudbrandsdalen, som overnatta tre døgn på Kinnhytta. Nye turmål har i år vore Skredvarden på Atløya, ny rundtur på Askrova, Sjufjellstur i Askvoll, Brurahornet i Måløy, Dosabu, Utvær, Grønenga, Svoa - Maristeinen i Naustdal, Knekkevasshytta og Smyrmedalseggja. Mange påmeldte og høg interesse vitnar om eit godt og kjekt initiativ som mange set pris på.

Barnas Turlag

Med Nils Magnus Eliassen og Renè Korneliussen er det blåst liv igjen i Barnas Turlag. At dei har heldt koken i år og er vi glade for. I år har det vore gjennomført 8 av 9 planlagt turboturar frå Brandsøyåsen i aust, til Kinn i vest. Turane har gått i dei fleste nærturområda rundt byen vår. Vi har stort sett eit fantastisk oppmøte med mellom 15-20 born på de fleste turane. I

Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

tillegg har Barnas Turlag arrangert tur til Kinn på Kinnaspelet. Dei reiste ut med full båt og det var omlag 70 personar med. Ane Eliassen og Sissel Strømmen var ansvarleg for turen som gjekk rundt øya på sørssida.

Kom deg ut-dagen

Denne dagen ønsker vi å nå bredd ut til befolkninga og særleg til barnefamiliar i hele landet, både turvante og ferskingar. Vi vil gi deltakarane ein smakebit av friluftslivet - ein smakebit som gir meirsmak! Årets Kom deg ut-dag, vinter i Instedalen som var planlagt saman med Barnas Turlag Naustdal blei dessverre avlyst på grunn av dårlig vær og manglande snøforhold. Kom deg ut-dag på hausten vart gjennomført på Sørstrand med stor suksess. Ansvarleg for arrangementet Astrid B Eliassen saman med Arnfrid Bergheim, Siv Grov, Bengt Solheim Olsen, Dag Eliassen, Nils Magnus Eliassen og Renè Korneliussen. Fjordane Friluftsråd var med på arrangement som gir oss eit fint tilskot på dagen. I år spelte været på vår side og det var mange born på - og i vatnet, samt på turbingo, slakk liner og i hengekøyar.

Opptur

Onsdag 8.mai var det duka for OPPTUR 2024 – DNT sin nasjonale turdag for 8.klassingar. Florø Ungdomsskule var med på arrangementet for 18. gong. 160 elevar og 13 lærarar gjekk Oppturløypa frå Florø Ungdomsskule til toppen av Brandsøyåsen – 6 km og 492 høgdemeter totalt. Leiar Bengt Solheim-Olsen ønskte velkommen og god tur før han sendte elevane ut på OPPTUR frå Florø Ungdomsskule. Flora Vidaregåande skule med klasse 2IDA hadde aktivitetar undervegs i løypa på Nybømarka, Ballbingen ved Torvmyrane Barneskule, stikrysset i Tofleskaret og på Brandsøyåsen. Elevane i 7.klasse ved Torvmyrane Barneskule hadde ansvaret for fruktstasjonen ved skulen og delte ut frukt som Kiwi hadde gitt til arrangementet.



På Brandsøyåsen vart elevane ønskte velkommen av turleiarane frå Flora Turlag. Etter å ha kryssa seg av i klasselista, fekk dei eit DNT nøkkelband. To heldige vinnarar i kvar klasse fekk eit gåvekort hos Strandgata Sport. Som alltid ein kjekk og sosial dag med fokus på friluftsliv, fysisk aktivitet og naturopplevelingar. Turleiarar og merkeansvarlege Astrid Breiland Eliassen, Hilde Bjerck Reksten, Siv Grov, Arnfrid Bergheim og Dag Eliassen som også køyte opp alt av utstyr.

Kurs og arrangement

I år har Signe arrangert to fiksekeldar saman med Flora Husflidlag. Ein i april, og ein i september. Til saman har 24 stk. vore innom og fått fiksa slitte turklede og utstyr. Det er eit sosialt og berekraftig arrangement.

Vi hadde to nærturleiarkurs i februar og fekk 15 nye turleiarar. Nesten alle har vore turleiarar etter kurset. Då dei fleste av dei 15 er med på tysdagsturane, er det alltid mange turleiarar med; det er både kjekt og trygt.

Turleiarsamling på Kinnhytta 23. oktober hadde 19 deltakarar. Det er kjekt å samlast, og det blei ei sosial og hyggeleg stund på Kinn.

Dag Eliassen Stig Solheim deltok på Norsk Fjellsport grunnkurs i førstehjelp. Kurset gjekk over 2 dagar på Langeland skianlegg.



Sikkerheit

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hos oss, og vi har ikkje hatt nokon personskadar i 2024. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. På alle turane har det vore godkjende turleiar og vi føl DNT sine retningslinjer «Trygge aktivitetar». I år har DNT nasjonalt jobba med digitale løysingar for risikovurdering, som vi håper vi kan ta enda betre i bruk neste sesong.

DNT sine digitale verktøy

SjekkUT og ut.no:

UT.no er DNT sin felles plattform for turmål, turforslag og hytter og er eit levande prosjekt som vi oppdaterer heile tida. Nytt i år er ny UT-admin med mellom anna forbetra kartfunksjonalitet der turforslag med same startstad har blitt samla i eit kartpunkt som vises når ein held peikaren på punktet. Alle digitale stiane teiknar seg i kartet og turforsлага til desse kjem opp til venstre på skjermen. Vi har 141 turforslag og 4 hytter. SjekkUT-i-UTappen er DNT si digitale turpostkasse.

SjekkUT og tutipsa har vore oppdatert med vadestader, bruer, kulturminner og punkt der ein finn mobildekning i område der dekningsgraden er liten. Vi har 232 turmål og steder. Vi har 16 989 innsjekk av 901 personar. Ansvarlege for UT.no og SjekkUT-i-UTappen er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen. Gladmelding frå DNT UT-admin sentralt: Vi nærmar oss 2 millionar innsjekk!

Digital påmelding på turane

I fjor gjekk heile dnt.no gått over på ny nettstad. Alt gjekk over på nye system, inkludert påmeldingssystemet vårt for turar. Vi synes det fungerer godt, og at det er enkelt å melde seg på og betale. Det gir oss god kontroll over påmelde til turane, og kan enkelt halde kommunikasjonen med dei påmelde. Som nemnt tidlegare er også systemet blitt betre på risikovurdering til turleiarane, noko vi skal jobbe med neste år òg.

Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Digital booking av hyttene:

Sunniva og Karen har jobba jamt og trutt med å få på plass digital booking av alle hyttene våre. Vi fekk dette på plass i år, etter mykje om og men. Vi har forsøkt å gjøre det enkelt og oversiktleg å booke rom, og håpar at turgåarar vil finne god nytte i det digitale bookingsystemet. Det gjer overnatting litt meir forutsigbart.

Turtrimmen 2024

Turtrimmen 2024 skal motivere til turgåing og gode naturopplevelingar. Turpostane er spreidd rundt i heile gamle «Flora kommune» og tilliggjande kyst- og fjellområde. Det var 215 turpostar med ulik vanskegrad – for dei som ville ta alle, elles blei postane delt inn i fem grupper etter antall tatt turposter. Vi trakk ut ein person frå kvar gruppe i tillegg til dei tre med flest innsjekk totalt. Vi premierte med gratis hytteovernatting, DNT tursokkar og DNT krus. Dei som hadde tatt alle postane fekk DNT ullpledd – to personar har tatt alle 215 punkta i 2024. Turtrimmen har ført til at nye turgåarar finn nye turmål. Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim har hatt ansvaret.

Trimpoeng 2024

Mai, juni, juli og august kom og gjekk. Det same gjorde 1 517 deltagarar i Trimpoeng-konkurransen. Først og fremst. Ein stor gratulerer til Kim Are Jacobsen. Med 3 518 poeng kunne ingen ta han igjen.

Deltakarane i årets konkurranse tok til saman 72 172 innsjekk, og det er meir enn i fjor. Ålfotbreen 1310 og Egga var dei mest sjeldne innsjekka med 25 kvar. Av dei mest populære finn vi Klippfiskstien med 10 800(!) innsjekk, Storåsen utsiktspunkt med 9236 og Lilleåsen utsiktspunkt med 8 340. Bravopremien er i år ei fantastisk luksushelg til Stad Hotell. Den trekkast saman med støttespelar Bravo Seafood, og alle som har over 200 poeng og er medlem i DNT er automatisk med i trekninga. I år stakk Marit Stave av med den gjeve premien.

Vi synes det er så inspirerande å høyre om alle dykk som har blitt litt sprekare på grunn av poengsamlinga, og de som finn nye turmål på grunn av appen. Vi håper turgleda vevarar!



Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Hytter

Som vanleg har hyttene våre vore gjenstand for mykje god dugnad. Kjekt å sjå at hytta på Kinn har besøksrekord i år! I tabellen under kan du lese av overnattingar og besøk. Vi har dessverre ikkje fått telt opp bøkene på Børabu i forkant av årsmøte.

	Gjegnabu	Blåbrebu	Kinn	Børabu	
	Overnatting	Overnatting	Overnatting	Overnatting	Totalt
2024	121	58	550		729
2023	53	65	412	52	582
2022	46		398		444
2021	138	163	435		736
2020	54	65	482		601
2019	104	69	192		365
2018	110	106	175		391
2017	42	63	168		273
<hr/>					
	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Totalt
2024	25	9	167		201
2023	50	9	129	50	238
2022	25		148		173
2021	22		76		98
2020	31		72		103
2019	14	21	133		168
2018	110	106	175		391
2017	42	63	168		273

Kinn:

Det har vore 550 overnattingsdøgn på hytta frå 1.11.2023 til 31.10. 2024. Fin auke!

Dagoppthalde er 167 som er inkludert tilsyn og dugnad. Hytta vert leig mest av enkeltpersonar, par og venner. Det har vore eit turlag på besøk, klimaavdelinga til Vestland fylkeskommune, klassar frå ungdomsskulen, vidaregåande og Sunnfjord folkehøgskule, Flora kommune/Miljøhuset, to barnedåpar, nokre pilegrimar, fotogruppe, kurs, møter og bursdagar.



Årsmelding 2024

1. korrektur 20. nov

Digital booking fungerer greitt, litt problem i haust med at kode ikkje er sendt ut til dei som har bestilt og betalt. Signe registrerer at soverommet går først og det er skjeldan det er meir enn to kvar gong på sovesalen, utanom når det er familiar/grupper som leiger heile hytta.

Vi har tilsyn med hytta minst ein gong for månaden. Dei som leiger er veldig flinke å rydde etter seg. Men vi må av og til ha skikkeleg husvask og skifte sengetøy. Vatnrenseanlegget må «vaskast», sjekke/skifte filter og fyllast på salttablettar. I april vaska/skrapa vi hytta utvendig, satt opp stilas og hadde måledugnad to finværsdagar i mai. Utvendig er hytta og muren måla, med unntak av vestveggen. Veggane i gangen og det små toalettet er måla.

Terrassedøra fekk ny lås i februar etter innbrotsforsøk på hytta. Vindaugsruter som var punktert er skifta. Dreneringa på baksida av hytta har fungert dårlig, men no har vi fått lagt om grøfta, slik at vatnet renn vekk frå hytta.

Vi er heldige på Kinn som har Hermod og Sissel Seim som «vaktmeister» og kører varer for oss med traktor. Vi samarbeider godt med mannskapet på båtane og vi tek alt med oss utover som «handbagasje», med pensjonistbillett. Vi samarbeider mykje med dugnadsgjengen kring Kinnakyrkja og dei dagane det ikkje er vertskap stiller dei opp med omvising for grupper på hytta. Signe Nordvik er hytteansvarleg på Kinn.

Blåbrebu:

Stig Solheim sørgar for at Blåbrebu alltid er i god stand. I år har det vore vanleg vanleg tilsyn og vedlikehald der oppe. Vi har fått midlar frå DNT Sogn og Fjordane til å fotografere nokre av hyttene våre, og i år blei nye biletar av Blåbrebu og Børabu kryssa av lista.



Gjegnabu:

I løpet av vinteren hadde beskyttelsesdøra blåst vekk og det var gjort skade på gummilister rundt inngangsdør. Pipehatten var dekka av plast gjennom vinteren, noko som gjorde at det ikkje blei snø i pipa som kunne smelte ned på golvet. Første besøk på hytta var allereie i februar. Hytta blei stengt for vinteren i november. Det er annonsert på heimesidene våre, og bookinga er stengt. Det er ikkje forsvarleg «å invitere» folk til å dra på tur i området på vinterstid. Registrerte besøk: 121 overnattingar og 25 dagsbesøk. Martin Mettenes og Dag Eliassen har ansvar for hytta.

Sikringsbu:

Dessverre lykkast vi ikkje med å få hytta ferdigbygd på tomta i løpet av 2024. Situasjonen er no at søylefundamentet er på plass, og hytta står prefabrikkert i Florø. Planen er at vi skal starte plassbygging av hytta i slutten av mai dersom snøforhold og vær gjer dette mogeleg.

Grunnarbeidet ble utført over 2 hektiske dagar. Materiell, utstyr og arbeidsfolk blei frakta opp med helikopter. August var midlertidig en månad med mykje skodde og lågt skydekke. Det gjorde at vi fekk ein bomtur med helikopter fordi sikta omkring byggeplass ikkje var tilstrekkeleg til at helikopter kunne lande. Byggekomité for hytta er: Dag Eliassen, Knut Julnes, Martin Mettenes, Stian Nærøy og Malin Johannessen.

Børabu:

Arild Nordal sørgar for at Børabu alltid er i god stand. I år har det vore vanleg tilsyn og vedlikehald på hytta. Arild venter på eit lass med ved, gass og forbruksmateriell som skal flygast opp. Det er lagt ny tetting rundt pipa, og malt ein del på hytta. Vi har dessverre ikkje fått telt opp bøkene til årsmøte. Vi har fått midlar frå DNT Sogn og Fjordane til å fotografere nokre av hyttene våre, og i år blei nye bilete av Blåbrebu og Børabu kryssa av lista.



Prestholmen

Vi har lenge leita etter ein plass å oppbevare kajakkane våre. Dei står ute året rundt, og det slit på dei. No har vi endeleg ein slik plass. I tillegg er Prestholmen meir enn berre kajakkoppbevaring. Det er ein stad å samlast, ein stad å utforske fjøra, ein stad kvar vi endeleg kan oppbevare alle tinga våre, og ein stad som vil utvikle vårt tilbod. At Prestholmen i tillegg er den perfekte lokasjonen for å padle ser vi veldig lyst på. Vi har eit kajakkmiljø i vekst, og dette vil styrke det ytterlegare. Det klargjerast på Prestholmen sakte, men sikkert. Det jobbast no med å få på plass dei siste delane til kajakkoppbevaring, slik at dei endeleg kan lagrast inne. Planen er å få oppbevaringa på plass før jul. Oppo blir innreiinga tilpassa med nye møblar i desse dagar, og blir klart til bruk til samlingar, kurs møter osv. før jul. Vi manglar berre ein skikkeleg skjerm, og kanskje litt meir belysning.

Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Tusenvis av dugnadstimar gir tilbake lokalsamfunnet. Mange har deltatt på dugnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig!

De er sjølve motoren i laget - år eller år.

Ålfotbreen Landskapsvernombord - ressursgruppe

Landskapsvernombordet er inne i ein prosess for å bli nasjonalpark. For oss i turlaget kan det bety auka besøk til hyttene våre i området, spesielt til Blåbrebu og Gjegnabu som vil bli liggjande i sjølve nasjonalparken. Landskapsvernombordet har vist interesse for å utbetre stiar i området opp frå Grøndalen. Stien langs Svartedalsvatnet er rydda slik at ein lettare kan gå vidare til Trongedalen og Brekulen.

Det kan òg nemnast at landskapsvernombordet har forbetra kvaliteten på bruva ved Stølvatn på vegen til Blåbrebu, og at det er på gang rydding av stien austover frå Stølvatn. Denne stien gjer at ein kan kome opp til høgde 1310, og at ein kan få ein rundtur via Blåbrebu.



Landskapsvernombordet har òg reparert/ utbeta parkeringsplassen i Grøndalen etter sist vinters flaumskadar. Parkeringsplassen er utgangspunkt for topptur til Eggja og til fleire turar/rundturar i området, som ein finn informasjon om på ut.no. Administrasjonen i landskapsvernombordet har vore positiv i samband med bygging av sikringshytta til Gjegnabu. Flora Turlag sin representant i ressursgruppa er Dag Eliassen.

Turleiarar

Ambassadørkurs:

Ein ambassadør er et aktivt DNT-medlem som har god kjennskap til DNT og den aktuelle medlemsforeining. Desse er no nettbasert. [Her](#) finn du dei, og [her](#) finn du ulike kurs i regi av DNT.

Nærturleiarar i Flora Turlag:

Siv Grov, Hilde Bjerck Reksten, René Korneliussen, Elin Sæter Standal, Jacob Nødseth, Jan Arne Holm, Gyda Folkedal, Venke Ravnestad, Helge Aalen, Magni Hjertenes, Solveig Sørbø, Alvdis Solvang, Kari Strømsnes, Ove Hatleset, Inger Hausvik Eikeland, Eva Bergstrøm, Jorunn Sundal, Norunn Stavø, Svein Nødseth, Fred Arild Grøneng, Oddveig Brendø, Eldrid Ryste, Bjørg Hove og Torbjørn Lysne.
Nærturleiar er ein turleiar som kvalifiserer til å lede kortare dagsturar, opptil fem timer, i områder kvar ein er lokalkjent.



Grunnleggjande turleiarar:

Sissel Strømmen, Alvdis Solvang, Trygve Nybø, Ane Eliassen, Marit Linda Espeseth, Martin Hauge, Jofrid Sundal, Terje Hegghheim, Siri Stavang, Idun Jansen, Anders Myklebust, Eilif Bjerck, Astrid Breiland Eliassen, Toralf Otnes, Bengt Solheim Olsen, Jan Midtbø, Terese Eikefjord, Eva Wiik Strømgren, Kolbjørn Nybø, Terje Grøneng, Siv Merete Stadheim, Karen Nilsen, Arnfrid Bergheim, Danckert Dankertsen, Kristin Orre, Jorunn Standal. Som grunnleggande turleiar er du kvalifisert til å leie turar i låglandet på sti og veg, hovudsakleg på sommarstid.

Sommarturleiar:

Nils Magnus Eliassen, Dag Eliassen, Signe Nordvik, Lisbeth Ingvaldsen, Kolbjørn Hovland og Kjetil Tveranger. En sommarturledar kan ta med seg eit turfølgje på fjellet i sommarhalvåret, også i krevjande terrenget. Turane arrangerast gjerne med overnatting på DNT-hytter.

Vinterturleiar:

Stig Solheim. Ein vinterturleder i DNT kan lede turar på høgfjellet i vinterhalvåret, også i krevjande terrenget.

Samarbeid

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar og sponsorar! Det krev støtte og gode støttespelarar for å få ting til, og vi hadde ikkje fått til det vi gjer utan dykk. Spesielt med dei investeringane vi gjer både ved Gjegnabu og på Prestholmen. Ein ekstra takk til våre største støttespelarar Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som gjer
ein glimrande dugnadsinnsats for turlaget!



Bengt Solheim-Olsen
Styreleiar

Karen Nilsen
Nestleiar

Sunniva Geithus
Kasserar

René Korneliussen
Styremedlem

Hilde Knudsen
Styremedlem

Heidi Humlestøl
Varamedlem

Maria Hunvik
Varamedlem